

Sunnhordland Kraftlag AS - Halvårsrapport 2025

Konsernet Sunnhordland kraftlag AS (SKL)

Sunnhordland kraftlag AS (SKL) er eit reindyrka konsern innan produksjon av kraft frå fornybare kjelder. Konsernet sine anlegg ligg hovudsakleg i Sunnhordland i Vestland, og Rogaland. Midlare kraftproduksjon i stasjonane er 2 474 GWh inkludert konsoliderte småkraftverk. Selskapet produserer dessutan kraft i Sauda gjennom ein eigardel på 15 % i Saudefaldene AS.

I september 2024 overtok SKL 95% av Midtfjellet Vindkraft AS som driv vindkraftproduksjon på Midtfjellet i Fitjar kommune. Årleg middelproduksjon utgjer 424 GWh på 55 vindmøller med samla effekt på 150 MW.

Driftssentralen som overvaker og styrer produksjonsanlegga er lokalisert til Stord, som også er sete for hovudkontoret til selskapet.

Aktiviteten første halvår i 2025

Store prisvariasjonar har prega kraftmarknaden i Noreg i første halvdel av 2025. Skilnaden mellom dei historisk låge prisane i Nord-Noreg og dei meir normale prisane i sør, har fått stor omtale. Også dei store prisvariasjonane innanfor prisområda, mellom døger og timar, har fått stor merksemd særleg i NO2, prisområdet der SKL har brorparten av produksjonen. SKL møter situasjonen både gjennom korleis dei eksisterande kraftverka blir drifta og gjennom investeringane i ny produksjon.

For SKL har perioden vore prega av høg prosjektaktivitet. I Kvinnherad går oppgradering av Dam Midtbotnvatn og utviding av flaumløp frå Staffivatn føre seg. I tillegg går arbeid med utskifting av koplingsanlegg, transformatorar og kablar føre seg ved Blåfalli 3. I mai starta bygginga av Onarheim kraftverk i Hellandselva ved Husnes i Kvinnherad. Kraftverket vil få installert effekt på 8,9 MW og estimert årleg produksjon på 18 GWh.

I juni vedtok SKL utbygging av Blåfalli Fjellhaugen kraftverk. Dette er eit såkalla effektprosjekt med 185 MW installert effekt. Kraftverket er ei viktig brikke for å utnytta vatnet i Blåfalli-vassdraget på ein betre måte, samtidig som det gir 70 GWh ny energi årleg. Det er venta at bygginga startar tidleg hausten 2025. Det er venta at kraftverket kjem i drift i 2029.

I Etne er bygging av to nye småkraftverk i Litledalen og Hardeland i slutfasen. Kraftverka skal erstatta to eksisterande stasjonar som har passert levetida. I Rullestad i Etne blir tre småkraftverk bygd ut i samarbeid med Småkraft AS. Anlegga vil samla få produksjon på 88 GWh årleg.

I juni vedtok SKL utbygging av Tøsse kraftverk på Eikemo i Etne. Kraftverket vil gi 14,5 GWh i årleg produksjon.

Prosjekta har hatt stor påverknad på disponering av vatn og magasinstand i perioden. Til tross for dette har SKL realisert ein kraftpris som ligg ca. 12% høgare enn gjennomsnittsprisen i vårt område.

Resultat pr 30.06.2025

Resultatet for første halvår enda på 291,8 mill. kroner etter skatt, mot 232,2 mill. kroner i tilsvarende periode i 2024. Driftsresultatet blei totalt positivt med 906,3 mill. kroner mot 615,8 mill. kroner i 2024.

Totale driftskostnader utgjør 379,9 mill. kroner, mot 304,6 mill. kroner for tilsvarende periode i 2024. Auken skuldast særleg auke i omfang av drifta etter oppkjøpet av Midtfjellet Vindkraft. Lønn og andre driftskostnader utgjorde 127,3 mill. kroner mot 85,3 mill. kroner for same periode i 2024. Avskrivning utgjør 111,3 mill. kroner mot av 33,6 mill. kroner i 2024. Eignedomsskatt og Konesjonsavgift utgjør 37,7 mill. kroner mot 32,7 mill. kroner i 2024.

Finanspostar gir netto negativt bidrag til resultatet med 38,8 mill. kroner mot netto positivt på 3,8 mill. kroner i 2024. Endringa skuldast hovudsakleg større finansieringskostnader knytt til oppkjøp, utbygging av kraftverk, men svake resultat frå tilknytt selskap bidrog også negativt. Brutto renteberande lån utgjør 1 611,2 mill. kroner mot 614,3 mill. kroner på tilsvarende tidspunkt i 2024.

Eigenkapitalen var 3 856,6 mill. kroner pr 30.06.2025 av ein totalkapital på 7 026,0 mill. kroner. Eigenkapitalandelen var 54,9%, mot 77,0%, på tilsvarende tidspunkt i 2024.

Positiv kontantstraum frå drifta utgjorde 345,7 mill. kroner første halvår, etter betaling av skatt med 641,9 mill. kroner. Etter mellom anna endring i renteberande gjeld med 542,7 mill. kroner, utdeling av utbytte med 260 mill. kroner og investeringar i driftsmiddel med 121 mill. kroner var netto likviditetsendring første halvår negativ med 559,7 mill. kroner og blei dekket inn gjennom redusert kortsiktig finansiell plassering og reduksjon av bankinnskott.

Kontantar og bankinnskott utgjorde 516,6 mill. kroner pr. 30.06.2024, inkludert fordring innestående konsernkonto.

Kraftproduksjon

Produksjon var første halvår 2025 totalt 1 306 GWh i SKL AS sine anlegg, mot 1 026 GWh i tilsvarende periode i 2024.

Selskapet sin del av produksjon i heil- eller deleigde småkraftselskap utgjorde 69,4 GWh i første halvår 2025 mot 77,3 GWh i 2024.

Gjennomsnittleg områdepris i NO2 i første halvår 2025 blei 72,9 øre/kWh, medan tilsvarende periode i 2024 var 62,9 øre/kWh.

Høgaste månedleg gjennomsnittspris i første halvår var februar med 100,4 øre/kWh, medan mars vart lågast i perioden med 56,8 øre/kWh.

Hovudvolumet av kraft blir selt til spotpris på kraftbørsen Nordpool. Oppnådd pris på fritt omsetteleg kraft i perioden fram til og med veke 26 blei 81,8 øre/kWh eksklusiv systemtenester, og 84,3 øre/kWh når ein inkluderer inntekter frå frekvensstøtte i primær og tertiærmarknaden, samt kapasitetsmarknaden.

Produksjon ved Midtfjellet Vindkraft blei 173 GWh. Dette er litt lågare enn normalproduksjon etter ein svak start på året grunna både vanskeleg vindprofil og noko tekniske utfordringar.

Investering i driftsmidler og finansielle anlegg

Det er gjort ny- og reinvesteringar i driftsmidler med 121,0 mill. kroner i konsernet.

32,3 mill. kroner av investeringane er knytt til nye kraftverk som er under utvikling, herunder Fjellhaugen kraftverk i Matre i Kvinnherad, Onarheim kraftverk på Husnes i Kvinnherad og Tøsse kraftverk på Eikemo i Etne.

Onarheim- og Tøsse Kraftverk er to småkraftverk på hvv. ca. 20 og 15 GWh.

SKL deltar også i utbygging av tre småkraftanlegg i samarbeid med Småkraft AS i Rullestad i Etne. Desse er ikkje konsolidert i SKL sin konsernrekneskap.

Det er gjort vedlikehaldsinvesteringar i SKL sine kraftverk med totalt 51,9 mill. kroner. Herav utgjør investering i damanlegg 14,2 mill. kroner. 29,6 mill. kroner av investeringane er nytta til oppgradering av Litledalen og Hardeland Kraftverk i Etne. Desse er venta ferdigstilt i Q3-Q4 2025.

Det er nytta 35,9 mill. kroner i samband med erstatning av ytterlegare to kraftverk i Litledalen. Desse er venta ferdigstilt i løpet av 2025.

Investering i verktøy, utstyr og vedlikehald/oppgradering av bygg utgjør 6,5 mill. kroner.

Helse, miljø og sikkerheit

Konsernet hadde ein H1-verdi på 0 pr. juni 2025, mot 9,3 pr. juni 2024. Sjukefråværet i konsernet var på 3,5 % første halvår 2025, mot 3,3 % i tilsvarende periode i 2024.